



# DEN NORSKE KYRKJA

## Dovre kyrkjeleg råd

### **HØYRINGSSVAR - GRAVFERDSLOV OG KYRKJELOV**

Vi syner til høyringsnotat juni 2010 frå Fornyings, administrasjons- og kirkedepartementet "Forslag om endringer i gravferdsloven og kirkeloven".

Dovre kyrkjeleg råd har fylgjande svar:

#### **Generelt:**

Den norske kyrkje har i mange år synt at dei forvaltar kyrkjegarder og gravlegging på ein god måte på vegne av fellesskapet, og vi meiner at denne ordninga bør vidareførast. Utgreiinga er omfattande, men vi saknar likevel ei drøfting av korleis det framtidige skillet mellom stat og Den norske kyrkje vil kunne få konsekvensar for mellom anna soknet som eigar av offentlege kyrkjegardar og at eit trussamfunn skal være gravferdsmynde for alle.

Det er mange endringar i gravferdslova i denne høyringa. Vi meiner det er viktig at ein legg til rette og tek omsyn til minoritetar på ein slik måte at ynskje og behov til majoriteten av folket fortsatt kan innfriast.

Endringane er hovudsakleg grunngjeve med religiøse eller livsynsmessige årsaker. Vi har òg utfordringar når det gjeld individuelle ynskjer, til dømes seremoni, tidspunkt og kva klede den døde skal ha på seg i grava. Vi meiner det er viktig å lytte til ynskja som dei etterlatte har ved gravferd, men at det er særskilt viktig at staten gje nokre føringar og formidlar at ikkje alle ynskje kan innfriast.

#### **Forvaltningsansvar**

Det er behov og ynskjeleg med eit møte mellom partane som er nemnt, men vi saknar kommune og gravferdsbyrå på lista over møtedeltakarar. Vi meiner at relevante lag og organisasjonar bør kunne inviterast, til dømes pensjonistforeningar. Vi vil foreslå at ansvaret for å kalle inn vert lagt til kommunen. Kommunen er nøytral og har oversikt over alle trus- og livssynsamfunn som er registrerte i sitt område. Truleg vil kommunen også ha behov for å ta opp andre høve med livssynsamfunna, slik som seremonirom, overføringar m.m.

#### **Om omsyn til avdødes religion eller livssyn**

Å leggje til rette for alle typer gravleggingar, innebær utfordringar mellom anna fordi det i bygdene skjer sjeldan og ein vil ikkje få noko stor erfaring og kompetanse på det. Vi voner at departementet vil ta initiativ til å lage ei handbok om gravleggingar for ulike trus- og livssyn. Vi meiner dette er viktig slik at ein kan skille mellom ynskje som er grunngjeve av trus- og livssyn og personleg ynskje.

Det er bra at lova seier grav som er særskilt tilrettelagt og ikkje krev felt for særskilte religionar og livssyn. Eit slikt krav ville krevd større areal og ei segmentering.

Vi forutset at kommunen dekkjer kostnader ved gravlegging i anna kommune ved særskilt tilrettelagt grav, fordi kommunen har eit overordna ansvar for å sørge for at det vert anlagt gravlundar og dermed korleis slike behov kan ivaretakast.

## **Om kyrkjegard – namn og plassering**

I og med at høyringsnotatet gje rom for at kyrkjegardar som ligg ved/rundt kyrkja fortsatt kan kallast kyrkjegard, er det greitt at lovtittel og begrep i lova vert livsynssnøytral.

Vi meiner det er riktig at dei religiøse minoritetane skal ivaretakast, men at det ikkje må skje på ein måte som kan verke diskriminerande der mesteparten av innbyggjarane tilhøyrer Den norske kyrkje og som ynskjer å bli gravlagt på ein gravlund i nærleiken av kyrkja. Med å fjerne punktet i § 2, opnar ein for at det kan brukast areal som ligg langt frå kyrkja, kanskje mest av økonomiske omsyn. Slike todelte løysingar meiner vi er lite tenlege, dei er dyrare å drifte og vedlikehalde og ein ulempe for pårørande ved gravferda. Det er ynskjeleg at kistegravlegging kan skje umiddelbart etter gravferdsseremonien og ut frå kyrkja. Dette gje ein heilheit og verdigheit, og vi ser at det er ei løysing som gje rom for at alle er med på gravlegginga, noko som er viktig for den enkelte sin sorgprosess.

## **Seremoni på gravlund**

Vi ber departementet vurdere om det kan være aktuelt at vigsling av grava skjer ved gravlegging.

## **Fristar ved gravferd og kremasjon**

Vi meiner 10 dagars frist er både tilstrekkeleg og riktig, både for eigne rutiner og gjennomføring, men viktigare er omsynet til dei etterlatte. Frist for gravlegging handlar om mykje meir enn oppbevaring på ein tilfredstillande måte. Vi saknar ei drøfting og vurdering i høyringsnotatet om av kva som er best for sorgprosessen til dei etterlatte. Vi har erfart at det er viktig for sorgprosessen at tida frå dødsfallet til gravferda ikkje vert for lang, og heller ikkje for kort. Ved å utvide fristen til 14 dagar, vil vi stadig oftare oppleve at enkelte etterlatte vil utøve sterkt press for å få fastsett gravferdstidspunkt etter eige tidsplaner. 10 dagars frist vil redusere hovudtyngda av ynskje om utsetting, og pårørande kan fortsatt søkje fellesrådet om utsetting pga. særskilte tungtvegande høve.

## **Oskespreiing**

Ved nedsetting av urne, krev krematoriumet dokumentasjon på at urna skal settast ned på kyrkjegard og at det faktisk er gjort. Vi meiner det bør settast liknande krav til dokumentasjon ved oskespreiing. Vi ber departementet lage regler for sending av urner. Vi finn dagens ordning med postpakke uverdig. Som ei bygd med mykje fjellområde, er vi ikkje nøgd med at oske av utanbygdsbuande kan spreiaast her dersom omfanget av oskespreiing aukar.

## **Kremasjon som gravferdsform**

For mange kan utgiftene ved kremasjon være så store, at dei av den årsak ikkje vel den gravleggingsformen. Det bør derfor vurderast om stat/kommune bør dekke utgiftene til båretransport til krematorium og kremasjonsavgift. Dette er også rimeleg i og med at urnegravlegging har mindre krav til areal og dermed mindre utgifter til anlegg og drift. Likevel meiner vi at det er viktig at det vert lagt godt til rette for kistegravlegging, i det vi ser at dette ofte er ei betre sorgprosess for dei etterlatte når seremonien vert avslutta ved grava og at fleire deltek ved kistegravlegging enn urnenedsetting.

## **Krigsgraver**

Vi set pris på presisering av ansvar for krigsgravene. Vi ber departementet vurdere kven som ha festars ansvar for krigsgravene og bære utgiftene til tilsyn, stell og sikring av gravminne. Vi stiller spørsmål om ikkje grav til norske soldatar som fell i krig bør ha same vern som utanlandske soldatar.

## **Tilpassingar til ny organisering av prestetenesta**

Ordet "prestegjeld" har lang tradisjon, og har i dag inga anna rolle enn definisjon av tenestedistrikt for nokre få prestar. Det som er viktig, er at soknet har ein fast sokneprest som har sine arbeidsoppgåver der.

Vi ser at endring av §5 vil føre til større rom for å gjere tilpassingar i organiseringa av den lokale kyrkja. Endringa kan òg gje grunnlag for meir permanent samarbeid mellom nokre eller alle sokna i prostiet, og dette vil være bra.

Forslaget om endring av § 9 vil redusere soknerådets innflytelse på prestetenesta. Soknerådets ansvarshøve og strategi og soknepresten sitt arbeid er knytte nært saman og er avhengig av kvarandre. Det handlar mellom anna om prestetenesta skal organiserast som spesialisering eller med sterk stadstilknytning. Dette bør sokneråda få meine noko om før prost og biskop avgjer. Vi meiner at innhaldet av punktet bør bli ståande, og at uttale som tidlegare har vore lagt til menighetsmøtet (§ 11) i hovudtrekk bør overførast til soknerådet. Vi meiner også at soknerådet bør ha ei tydeleg rolle ved endringar i antall gudstjenester.

Endring av menighetsmøtets uttalerett om kyrkjegard og krematorium, understrekar den sjølstendige mynde som sokneråd og fellesrådet har, og likevel slik at dei folkevalgte organa kan be om uttale frå menighetsmøte.

## **Politiattest**

Det har lenge vore ytra ynskje om vandelsattest og vi set pris på at det no vert mogleg.

## **Om sakshandsaming og klageadgang**

Vi meiner at vurderinga av ugild må gjelde alle tilsette, uavhengig av kva tilsettingshøve dei har. Det må være formålstenlege med ein sentral og felles ankeinstans for alle kyrkjelege organ.

## **Økonomiske og administrative konsekvenser**

Dei foreslåtte endringane vil få økonomiske og administrative konsekvensar for kyrkjeleg fellesråd og kommune:

- Utgifter for opparbeiding eller endring av gravfelt for særskilt tilrettelagt grav. Opparbeiding om lag 10.000 kroner pr. grav, endringar noko mindre. Forslaget om at fellesrådet skal betale for gravlegging i andre kommunar, vil også føre til auka utgifter, opp mot 30.000 kroner pr. gravlegging. Ynskje om særskilte dagar og tidspunkt fører også til auka utgifter.
- Utgifter til kompetanseheving (både kursutgifter og arbeidstid) slik at vi kan sørge for gravlegging etter den avdødes religionar og livssyn.
- Samordningsmøter etter § 23 krev ressursbruk frå kyrkjeleg fellesråd sine tilsette. Med førebuing og etterarbeid vil medgått arbeidstid koste 5-10.000 kroner årleg pr. fellesråd.